

Saksframlegg

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Eva Kristin Svidal, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 19/480-19

Kulturmidlar 2019 - Utviklingstiltak, hovudfordeling
Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løyvd kulturmidlar til følgjande nye utviklingstiltak i 2019:

Tittel på prosjekt	Søkjjar	
Utvikling av teater i den gamle ullvarefabrikken	Gamle Innvik ullvarefabrikk	100 000 kr
Using Theatre to Make Politics	Creative Connections Norway	50 000 kr
Sum		150 000 kr

2. Det vert løyvd midlar i 2019 til følgjande utviklingstiltak som også fekk midlar i 2018:

Tittel på prosjekt	Søkjjar	
Rom for ord. Litterære møtestadar i distrikta.	Førde kommune	200 000 kr
Sum		200 000 kr

3. Det vert løyvd midlar til følgjande utviklingsavtalar i 2019:

Tittel på prosjekt	Søkjjar	
Utviklingsavtale 2017 - 2019	Sogn og Fjordane idrettskrins	200 000 kr
Utviklingsavtale 2016 - 2018, forlenga 2019	Gloppen musikkfest	150 000 kr
Utviklingsavtale 2016 - 2018, forlenga 2019	Sogn og Fjordane ungdomslag	150 000 kr
Utviklingsavtale 2018 - 2019	Forum for natur og friluftsliv	200 000 kr
Sum		700 000 kr

4. Det vert ikkje løyvd kulturmidlar utviklingstiltak 2019 til:

Tiltak:	Søkjjar:
Danseforestilling «Ein studie i Wittgensteins språkspel»	Anna Einemo Frøysland
23/7 SCENE	Jostein Avdem Fretland
Kunstoffilm	KULLA Productions AS
«Gjenstand for»	Fredrik Høstaker
Verkstad med Risoprinter	Vy Designlab AS

5. 910 000 kr vert dekkja av teneste 4005 til disposisjon for hovudutval for næring og kultur.

6. Vilkår for utbetaling av tilskot er at tiltaket vert gjennomført som søkt om. Godkjende planar, rapportar og rekneskap som gjeld det einskilde tiltak vert lagt fram, og at vilkår elles knytt til løyvinga er oppfylt.

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Hovudutval for næring og kultur (HNK) disponerer midlar på teneste 4005 *Til disposisjon for utvalet*. Det er sett av 1,850 mill. kr som HNK kan disponere i 2019, midlane er reservert kulturområdet. Dette er ubundne midlar som vert fordelt av hovudutvalet for næring og kultur, og midlane skal ikkje nyttast til varige tiltak.

8 søknader er vurdert som utviklingstiltak.

Det har kome inn 7 søknader om nye tiltak. 1 søknad er eit vidareført tiltak som fekk midlar i 2018.

Fylkesdirektøren foreslår også å vidareføre 2 utviklingsavtalar i tillegg til eksisterande utviklingsavtale med idrettskrinsen samt ny avtale med FNF som var handsama i HNK i sak 35/18.

Fylkesdirektøren foreslår i denne saka å nytte 1,050 mill. kr til søknader om kulturmidlar til utviklingstiltak. Det står da igjen 0,150 mill. kr til seinare bruk.

2. Bakgrunn for saka

Hovudutval for næring og kultur (HNK) disponerer midlar på teneste 4005 *Til disposisjon for utvalet*. Det er sett av 1,850 mill. kr som HNK kan disponere i 2019, midlane er reservert kulturområdet. Dette er ubundne midlar som vert fordelt av hovudutvalet for næring og kultur, og midlane skal ikkje nyttast til varige tiltak.

Sett av budsjett 2019	kr 1 850 000
Tidlegare løyvt:	
• Vestnorsk filmsenter, drift 2019, HNK-sak 65/17 (Løyvt og utbetalt i 2018 kr 100 000)	
• PreForm, HNK-sak 38/19	kr 300 000
• Friluftsråd HNK-sak 32/17, årleg løyving (reservert)	kr 200 000
• Prosjektet ORD og STED HNK-sak 3/19	kr 150 000

Rest til disposisjon	kr 1 200 000
----------------------	--------------

Fylkesdirektøren foreslår i denne saka å nytte 1,050 mill. kr til søknader om kulturmidlar til utviklingstiltak. Det står da igjen 0,150 mill. kr til seinare bruk.

Søknadane som er vurdert i denne saka, er søknader som fylkesdirektøren vurderer å ha eit utviklingsperspektiv jf. retningslinene. Ein viser i søknaden at ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realisere dristige nyskapande kultursatsingar.

I tillegg har fylkesdirektøren i medhald av delegert mynde løyvd kulturmidlar til kulturtiltak. Informasjon om desse løyvingane vert gitt til hovudutvalet som melding.

HNK vedtok 19.03.19 i sak 22/19 «Kulturmidlar 2019, Føringar og prioriteringar» som ligg til grunn for framlegget til løyving i denne saka.

3. Søknader 2019

3.1. Innleiing:

8 søknader er vurdert som utviklingstiltak.

Det har kome inn 7 søknader om nye tiltak, av dette er 4 søknader om ulike sceniske produksjonar som skal framførast i Sogn og Fjordane. 2 søknader er knytt til næringsetablering/ tiltak. 1 søknad er del av eit internasjonalt prosjekt støtta av EU-midlar. 1 søknad er eit vidareført tiltak som fekk midlar i 2018.

Fylkesdirektøren foreslår også å løyve midlar til prosjekt i 4 utviklingsavtalar. Fylkesdirektøren viser alle prosjekta i avtalane omtale/vurdering av tiltaka under.

3.2. Omtale/vurderingar/tilrådingar:

A) Nye søknader/tiltak:

Tiltak:	Danseforestilling «Ein studie i Wittgensteins språkspel»	Søkjar:	Anna Einemo Frøysland
Innhald:	<p>Dansarane og tvillingane Anne Einemo Frøysland og Berit Einemo Frøysland søker støtte til å utvikle danseproduksjonen «Ein studie i Wittgensteins språkspel» med utgangspunkt i Wittgensteins filosofi. Premiera skal vere i Lærdal. I tillegg ønskjer ein å vise stykket på Dock11 i Berlin og på Sansefestival Barents i Hammerfest.</p> <p>Anna Einemo Frøysland og Berit Einemo Frøysland er kunstnarleg ansvarlege, dansarar og koreografar i prosjektet, medan Jostein Fretland er musikalsk ansvarleg. Tidsrommet for produksjonen er 2. september – 22. november 2019 med premiere i november.</p> <p>Austerrikaren Ludwig Wittgenstein (1889-1951) er ein av dei mest kjende filosofane frå det 20. år hundre. Han var mykje i Noreg og budde i lange periodar i Skjolden. Det er først og fremst den seinare språkfilosofien Frøysland og Frøysland legg vekt på i sitt prosjekt. Wittgenstein ser på språket som ein aktivitet, eit språkspel ein deltek i som blir ein del av ei livsform. Denne praksisen ligg til grunn for koreografien. Ved å utføre koreografiske undersøkingar av spel som praksis, meiner koreografane at dei kan seie noko om kva det vil seie å kommunisere. Wittgenstein nytta seg av eple som eksempel i "Filosofiske undersøkelser". Dette er eit ein har valt å innlemma i koreografien, og ein er derfor i dialog med Lærdal Grønt, ein lokal fruktprodusent. Ein har som visjon at sjølve premiera skal finne stad i Lærdal i eit varelager for frukt.</p> <p>Hovudmålgruppa for framsyninga er dei lokale innbyggjarane i Lærdal, tanken er at publikum i alle aldrar heilt ned til om lag 6 år skal kunne ha glede av førestillinga. Ein vonar å synleggjere seg på ein måte som appellerer til dei som ser scenekunst ofte, so vel som dei som ikkje gjer det. Saman med Tone Boska, prosjektleiar for prosjekt Levande lokale Lærdal, er det ynskjeleg å besøkje fleire kommunar i fylket i forkant av framsyninga i Lærdal og syne korte utdrag frå duetten, samt snakke om verdien kunst og kultur kan ha for å skape liv i ei bygd. På den måten vonar ein å fange merksemda til eit tilreisande publikum frå fleire delar av fylket som kan nytte godt av framsyninga.</p> <p>Søkjar har fått 77 000 kr frå Norsk kulturråd til eit 2-vekes forprosjekt i august 2019. I tillegg er det søkt støtte hos Norsk kulturråd, Fond for utøvande kunstnarar, Fond for lyd og bilde, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Lærdal næringsutvikling og Lærdal kommune og lokalt næringsliv. I tillegg reknar ein billettinntekter frå framsyning i Lærdal og ei visning i på Dock 11 i Berlin. På utgiftssida inneheld budsjettet utgifter til honorar, reisekostnader, kost og logi, produksjonskostnader, leige av lokale og marknadsføring. Utgiftene gjeld både produksjonsperiode i Lærdal og i Berlin.</p>		
Vurdering:	<p>Tilskot vert gitt til prosjekt og tiltak som har føremål innan kulturområdet, med kulturell karakter som har allmenn interesse, og verknad for heile eller ein større del av fylket. Utviklingsperspektivet, der ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realisere dristige nyskapande kultursatsingar vert vektlagt ved tildeling</p> <p>Initiativtakarane er busette utanfor fylket. Musikalsk ansvarleg bur i Lærdal. Delar av produksjonsprosessen skal skje utan for fylket/i utlandet. Den ferdige produksjonen skal kun visast ein stad i fylket, i Lærdal. Ein vil reise rundt for å informere om produksjonen saman med prosjektleiar for Levande lokale Lærdal.</p>		

	<p>Med visning berre ein stad i fylket er dette å rekne som ein lokal produksjon. Søkjar skriv også at hovudmålgruppa for framsyninga er dei lokale innbyggjarane i Lærdal. Tiltak for å rekruttere publikum frå andre deler av fylket er ikkje nok til å verte rekna som ein regional produksjon.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer at produksjonen vil kunne reknast som lokal, nasjonal og internasjonal, men er ikkje godt nok forankra i fylket til å verte rekna som region. Det er fleire søknader til ordninga enn det er rom for å støtte. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til å avslå søknaden.</p>				
Budsjett:	924 783	Søknadssum:	100 000	Tilråding:	0

Tiltak:	Utvikling av teater i den gamle ullvarefabrikken	Søkjar:	Gamle Innvik ullvarefabrikk
Innhald:	<p>Stiftinga Gamle Innvik ullvarefabrikk ynskjer å få vist fram historia og få aktivitet i lokala att. Stiftinga har difor leigd Torstein Tvinnereim og Jon Are Steen til å skrive ein musikal med utgangspunkt i den spanande historia til fabrikk. Tvinnereim vil også stå som ansvarleg produsent av musikalen gjennom Gaman underholdning AS.</p> <p>Musikalen vil bli skriven som ei skildring av den 130 år gamle historia til fabrikk, utan at den vil vere 100% historisk korrekt. Musikalen skal stå på eigne bein som musikal, på same tid som den skal vere med å skape interesse kring fabrikk og den spanande historia som Innvik ullvarefabrikk har. Det er viktig at musikalen kan brukast også seinare, det vil derfor ikkje vere ein musikal som er knytt særskilt opp mot jubileet til fabrikk.</p> <p>Tanken er at musikalen skal vere startskotet for ei vidare satsing for å ta fabrikk meir i bruk. Innvik ullvarefabrikk var viktig for heile fylket og leverte til store deler av landet alt frå starten av. Musikalen vil såleis vere aktuell for folk langt utover Stryn sine kommunegrensar. Ein trur difor musikalen vil vere attraktiv for publikum frå eit stort omland.</p> <p>I produksjonen vil ein blande lokale og eksterne krefter. Ein kjem til å leige inn profesjonell regissør, koreograf, lyd og lys og sminkør. Det kan og vere aktuelt å leige inn noko skodespelarkrefter om det trengs. Ved å blande lokale amatørar og profesjonelle utanfrå, vil ein gje det lokale teatermiljøet eit løft, på same tid som ein får eit godt og sjåverdig produkt.</p> <p>Gaman underholdning AS ved Torstein Tvinnereim har lang erfaring med arrangement og vil difor vere viktige for å lage ein god produksjon.</p> <p>Dei søker Stryn kommune om 100 000 kr og Teateralliansen om 200 000 kr. Dei søker også sparebankstiftingar. Budsjettet inneheld utgifter til produksjon av stykket, som honorar til forfattar, og til sjølve oppsettinga. Søknadssummen er i underkant av 1/3 av budsjettet.</p>		
Vurdering:	<p>Tilskot vert gitt til prosjekt og tiltak som har føremål innan kulturområdet, med kulturell karakter som har allmenn interesse, og verknad for heile eller ein større del av fylket. Utviklingsperspektivet, der ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realisere dristige nyskapande kultursatsingar vert vektlagt ved tildeling</p> <p>Gamle Innvik ullvarefabrikk er ein verneverdig fabrikkbygning. Søkjar ønskjer å sette opp ein musikal for å belyse fabrikk si historie og få aktivitet i lokala. Musikalen vil bli skriven og sett opp av lokale aktørar på feltet frå fylket.</p> <p>Fabrikk har 130 års jubileum i 2020, men musikalen er ikkje knytt spesielt opp til dette. Fylkeskommunen støttar ikkje jubileumstiltak. Det vert rekna som del av ordinær drift.</p> <p>Søkjar søker kommunen og Teateralliansen som støtte i tillegg til sparebankstiftingar. Fylkesdirektøren oppmodar søker til å vurdere også andre moglege finansieringskjelder, som Norsk kulturråd sine ordningar.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer dette som ei spennande kultursatsing knytt til eit kulturminne med lang historie. Fylkesdirektøren tilrår å støtte prosjektet. Midlane er føresett brukt til å dekke utgifter til utarbeiding av manus og musikk.</p>		

Budsjett:	1 180 000	Søknadssum:	340 000	Tilråding:	100 000
-----------	-----------	-------------	---------	------------	----------------

Tiltak:	23/7 SCENE	Søkjær:	Jostein Avdem Fretland
Innhald:	<p>23/7 scene skal vere ein produksjons-hub/selskap for opera og scenekunst med kjerne i Lærdal. Initiativtakarar er Jostein Avdem Fretland og Ingrid Saltvik Faanes.</p> <p>Denne plattformen vil vere ein langsiktig stad for kunstnarisk verksemd, strategisk utvikling av nettverk og produksjon av opera og scenekunst, som genererer både lokale, regionale og nasjonale samarbeid.</p> <p>23/7 scene vil produsere framsyningar med eit moderne og leikent uttrykk, som samstundes er attraktive å oppsøkje for både kunstnarar og publikum.</p> <p>Kjerneområdet for produksjonsselskapet vil vere</p> <p>I. Eigne produksjonar</p> <p>A. Produsent og kunstnarisk initiativ for å utvikle nye opera- og scenekunstproduksjonar med base i Lærdal.</p> <p>B. Skapa nye moglegheiter for unge, skapande og utøvande frilanskunstnarar, med særleg vekt på kunstnarar frå Sogn og Fjordane.</p> <p>C. Avtalar om gjestespel på regionale scener som</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Opera: Opera Nordfjord, OperaKysten, Åmot operagard og Bergen Nasjonale Opera. 2. Scenekunst: Sogn og Fjordane Teater, Hordaland Teater, DKS Sogn og Fjordane og Teaterfestivalen i Fjaler. <p>D. Finansiering gjennom offentlege tilskotsordningar, som produksjonsmidlar og gjestespel, samt private og andre tilskotsordningar.</p> <p>II. Samproduksjonar</p> <p>A. Møtepunkt mellom den frie scenekunsten og institusjonane. Bidra til å styrke det frie operafeltet i Noreg.</p> <p>B. Finansiering i hovudsak gjennom samarbeidsinstitusjonen.</p> <p>III. Gjesteproduksjonar</p> <p>A. Praktisk tilrettelegging og kunstnarisk rettleiing under til dømes forprosjekt eller deviced produksjonar. Dette inneber:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Produsent-tenester: Lokal koordinering og logistikk, nettverksutvikling, kommunikasjonsarbeid, rettleiing for søknadsprosesser. 2. Kunstnariske tenester: Rettleiing for utvikling av konsept, dramaturgi, ytre øye. <p>B. Finansierte og drivne av andre enn oss, anten fritt eller via ein annan institusjon.</p> <p>I budsjettet er det sett opp utgifter til både etablering av eit produksjonsselskap og utgifter knytt til prosjekt selskapet skal jobbe med. Selskapet budsjetterer med kontorlokale i Bergen.</p>		
Vurdering:	<p>Tilskot vert gitt til prosjekt og tiltak som har føremål innan kulturområdet, med kulturell karakter som har allmenn interesse, og verknad for heile eller ein større del av fylket. Utviklingsperspektivet, der ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realisere dristige nyskapande kultursatsingar vert vektlagt ved tildeling.</p> <p>Ein av initiativtakarane er busett i Lærdal, den andre i Bergen. Selskapet skal også ha kontorstad i Bergen.</p> <p>Budsjettet inneheld utgifter til både næringsetablering og produksjonar selskapet skal jobbe med. Næringsetableringar fell utan for tilskotsordninga for prosjekt og tiltak. Fylkeskommunen støttar næringsetablering i kommunane gjennom midlar til kommunale næringsfond. Fylkesdirektøren merkar seg at det er har søkt Lærdal næringsutvikling om støtte. Fylkesdirektøren viser elles til Innovasjon Norge for støtte til næringsetablering.</p>		

	Søkjær har høve til å søkje tilskot til enkeltprosjekt ein skal jobbe med gjennom selskapet.				
	Fylkesdirektøren rår til å avslå søknaden.				
Budsjett:	850 000	Søknadssum:	100 000	Tilråding:	0

Tiltak:	KUNSTFILM med handling i Stongfjorden.	Søkjær:	KULLA PRODUCTIONS AS		
Innhald:	<p>Det søkjast om kulturmidlar til produksjon av kunstfilm i Sogn og Fjordane for artisten Thea Hjelmeland. Filmen har eit enkelt men sterkt visuelt uttrykk og har 1 produksjonsdag med etterarbeid.</p> <p>Filmen skal nyttast i eit større kunstnarleg konsept i artisten sine prosjekt. Lokale skodespelarar og assistentar vert nytta i innspelinga.</p>				
Vurdering:	<p>Tilskot vert gitt til prosjekt og tiltak som har føremål innan kulturområdet, med kulturell karakter som har allmenn interesse, og verknad for heile eller ein større del av fylket. Utviklingsperspektivet, der ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realisere dristige nyskapande kultursatsingar vert vektlagt ved tildeling</p> <p>Søkjaren er busett i Bergen.</p> <p>Filmen skal nyttast som del av kunstnaren sitt eige virke, og er ikkje ein sjølvstendig filmproduksjon. Produksjonen vil ikkje ha verknad for heile eller ein større del av fylket. Det er fleire søknader til ordninga enn det er rom for å støtte. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til å avslå søknaden.</p>				
Budsjett:	96 200	Søknadssum:	20 000	Tilråding:	0

Tiltak:	«Gjenstand for»	Søkjær:	Fredrik Høstaker		
Innhald:	<p>“GJENSTAND FOR” er eit stadspesifikt scenekunstprosjekt som arbeider mot ein installasjon og framsyning på Teaterfestivalen i Fjaler 2019. Installasjonen skal vere open for publikum gjennom heile festivalperioden, og det vil haldast visningar på gitte (og ikkje gitte) tidspunkt. Prosjektet undersøker nye teatervisningsformat, og vil skape eit ope scenerom der publikum kan bevege seg fritt saman med aktørane.</p> <p>Tematisk adresserer prosjektet framandfrykt og kulturelle fordommar som oppstår når ein ser på ei samfunnsgruppe utanfrå.</p> <p>Initiativtakarane er ein kunstnartrio som jobbar i møtepunktet mellom visuell kunst og scenekunst. Trioen har bakgrunn frå scenografi, biletkunst, arkitektur og skodespel, og visninga vil romme alle desse disiplinane.</p> <p>Søkjær har ein intensjonsavtale om visning av produksjonen under Teaterfestivalen i Fjaler 2019. Teaterfestivalen vil dekke utgifter knytt til teknisk utstyr, marknadsføring, lokale for prøvar mm. I tillegg søkjær ein støtta frå Norsk kulturråd, Fond for frilansere, Fond for utøvende kunstnere og Kunsthøgskulen i Oslo (innvilga).</p>				
Vurdering:	<p>Tilskot vert gitt til prosjekt og tiltak som har føremål innan kulturområdet, med kulturell karakter som har allmenn interesse, og verknad for heile eller ein større del av fylket. Utviklingsperspektivet, der ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realisere dristige nyskapande kultursatsingar vert vektlagt ved tildeling</p> <p>Kunstnarane er busette utanfor fylket. Det er inngått intensjonsavtale med Teaterfestivalen i Fjaler som dekker spesifiserte utgifter knytt til produksjon og visning. Fylkeskommunen støttar Teaterfestivalen med driftsmidlar (desse er auka opp i 2019). Det er fleire søknader til ordninga enn det er rom for å støtte. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til å avslå søknaden.</p>				
Budsjett:	280 600	Søknadssum:	50 000	Tilråding:	0

Tiltak:	Verkstad med Risoprinter	Søkjær:	Vy Designlab AS		
Innhald:	Vy Designlab AS er eit tradisjonelt designstudio, men ambisjon om å vere noko meir: ei lokal drivkraft og møteplass for kreativ utfolding i Sogn og Fjordane.				

	<p>Vy Designlab består av seniordesignarane Heidi Gloppen og Trude Tenold, som eig 50% kvar.</p> <p>Søkjar ønskjer å skape ein arena for utøvande kunstnarar og kulturelt interesserte, i form av å bygge opp ein verkstad med Risoprinter samt eit utstillingslokale i tilknytning til dette. Pr i dag er det vanskeleg å få stille ut i tradisjonelle kunstmuseum og galleri, og det er få samlande møtestader/verkstader for kreativ utfolding i fylket. Ein vil skape ein stad der ein kan møtast og utfolde seg kreativt.</p> <p>Sidan dette er eit nytt tiltak, ønskjer ein i første omgang støtte til eit 3 års prøveprosjekt for å få tid til å bygge opp tilbodet og undersøke marknaden.</p> <p>Målgruppa er potensielt veldig vid: Barn og unge: skape ein alternativ aktivitetsarena der dei kan få utfolde seg kreativt Design-, kunst- og kulturinteresserte, amatørar og profesjonelle</p> <p>Ein ønskjer:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Å tilby kurs i bruk av Risoprinter 2. Leige ut verkstaden, der ein får tilgang til Risoprinter etter sertifisering for bruk 3. Å tilby utstillingsplass i vårt lokale. <p>Ein vil søkjer Grafill om midlar til kompetanseheving. Elles vil inntektene vere deltakaravgift på kurs og støtte frå fylkeskommunen i tillegg til dugnadsinnsats. Det er ikkje søkt kommunen om støtte.</p>					
Vurdering:	<p>Tilskot vert gitt til prosjekt og tiltak som har føremål innan kulturområdet, med kulturell karakter som har allmenn interesse, og verknad for heile eller ein større del av fylket. Utviklingsperspektivet, der ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realisere dristige nyskapande kultursatsingar vert vektlagt ved tildeling</p> <p>Det er søkt støtte til eit 3-årig prøveprosjekt. Fylkeskommunen kan støtte prøveprosjekt gjennom tilskot til prosjekt og tiltak.</p> <p>Prosjektet er knytt til søkjar si næringsverksemd. Det er ikkje andre involverte i prosjektet. Det er ikkje søkt kommunen om støtte.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer prosjektet som eit næringstiltak. Næringstiltak fell utan for tilskotsordninga for prosjekt og tiltak. Det er fleire søknader til ordninga enn det er rom for å støtte. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til å avslå søknaden. Fylkesdirektøren viser til Innovasjon Norge og kommunale næringsfond.</p>					
Budsjett:	<table border="1"> <tr> <td data-bbox="352 1227 592 1258">66 074/189 760</td> <td data-bbox="592 1227 815 1258">Søknadssum:</td> <td data-bbox="815 1227 1098 1258">22 025/66075</td> <td data-bbox="1098 1227 1262 1258">Tilråding:</td> <td data-bbox="1262 1227 1414 1258">0</td> </tr> </table>	66 074/189 760	Søknadssum:	22 025/66075	Tilråding:	0
66 074/189 760	Søknadssum:	22 025/66075	Tilråding:	0		

Tiltak:	Using Theatre to Make Politics	Søkjar:	Creative Connections Norway
Innhald:	<p>Prosjektet "Using Theatre to Make Politics" er eit toårig prosjekt under Erasmus+ programmet (EU-midlar). 80% av budsjettet er støtta av dette programmet, og 20 % må ein skaffe lokalt. Prosjektet har mål om kompetanseheving for seks ungdomsorganisasjonar til å auke deltakinga si i sivilsamfunnet og involvering av unge folk i ulike demokratiske prosessar. Dette vil bli gjort ved å introdusere og gje opplæring i innovative metodar som "legislative theatre" og "newspaper theatre". Prosjektet er kordinert av ART Fusion (Romania), i samarbeid med Hang-Kép Kulturális Egyesület (Ungarn), Creative Connections Norway (Noreg), SNRDIMU (Polen), Teatro Metaphora (Portugal) og Inter Alia (Hellas).</p> <p>Prosjektet inneheld to treningar/kurs for dei deltakande organisasjonane samt inviterte ungdomsarbeidarar. Mellom desse kursa må organisasjonane arrangere lokale teateroppsetjingar for ungdommar, t.d. i skular og ungdomsklubbar. Deltakarane frå kvart land blir så invitert til teaterfestival i Ungarn 2020.</p> <p>25 "fasilitatorar" frå seks ulike land vil få opplæring i å nytte De undertrykte teater til å auke nivået av deltaking i demokratiske prosessar i samfunnet. Fasilitatorane vil igjen lære opp 40 volontørar og saman vil dei gjennomføre praksisfasen som til saman vil nå rundt 3000 unge folk og 120 avgjersletakarar i seks ulike land. På slutten av prosjektet vil ein lage ein film og ein manual frå arbeidet.</p> <p>I Noreg er det organisasjonen Creative Connections Norway, stasjonert i Balestrand, som er partner i prosjektet. Leiarane i organisasjonen vil velje ut ungdomsarbeidarar og ungdommar som skal vera ein del av prosessen, og planlegg å ha framsyningar i</p>		

	<p>Balestrand, Høgskulen på Vestlandet Sogndal campus, United World Collage i Flekke og håpar å ha framsyningar og workshops på 10 skular rundt om i fylket.</p> <p>Den internasjonale støtta frå Erasmus+ vil bli mest brukt til den planlagde internasjonale delen av prosjektet. Den lokale støtta er avgjerande for å få gjennomføre alle dei planlagde aktivitetane i regionen. Tiltaket er støtta av EU-midlar, Erasmus+, med kr 336 000.</p>			
Vurdering:	<p>Eit spennande teaterprosjekt med samarbeidspartar internasjonalt, og med planlagt aktivitet på mange skular i fylket.</p> <p>Hovudutval for næring og kultur gjorde vedtak som gjeld føringar og prioriteringar av søknader om kulturmidlar i sak nr 22/2019. Her blir det mellom anna slått fast at Fylkeskommunen skal vere ein regional utviklar. Tiltaket er vurdert til å vere regionalt, nyskapande og i tråd med mål i regional plan for kultur 2019-2027 som omhandlar stimulering av frie teatergrupper, samt samarbeid mellom profesjonelle og amatørar.</p> <p>Det kan vere aktuelt å samarbeide med den kulturelle skulesekken i praksisfasen. Lokalmønstringane for UKM i kommunane kan også vere ein aktuell arena. Fylkesdirektøren rår til å støtte tiltaket.</p>			
Budsjett:	420 000	Søknadssum:	80 000	Tilråding: 50 000

B) Vidareførte tiltak:

Tiltak:	Rom for ord	Søklar:	Førde kommune	
Innhald:	<p>Førde kommune fekk løyving til «Rom for Ord» i 2017 og 2018 og søker no om støtte til tredje og siste år i forprosjektet. Forprosjektet skal legge grunnlaget for varig drift av tiltaket frå 1.1.2020.</p> <p>Rom for ord skal gjennom forprosjektet klargjere korleis tiltaket kan organiserast som eit litterært arrangørledd i distrikta. Intensjonen er at innbyggjarane i regionen skal ha like gode og varierte litterære kulturtilbod som dei som bur i dei større byane.</p> <p>Rom for ord er per tid organisert som eit prosjekt eigd av Førde kommune. Arbeidet vert leia av kulturleiar Johan Bengtsson saman med prosjektgruppa der Sogn og Fjordane teater v/Lene Grande og Førde bibliotek v/Jorun Systad og Torunn Rygg er med. Janne Karin Støylen er leigd inn som prosjektkoordinator. Andre samarbeidspartar deltek i møter og planlegging når det er naturleg.</p> <p>I 2019 planlegg Rom for ord 8 programtypar: Nynorsk barnebokfest, arrangørsamling og litterær hagefest, Sunnfjord slampoesi (verkstader og konkurranse), Sterke jenter i barne-litteraturen, Forfattarjubileum Hans Sande, Bondevit (foredragsserie og debattarena), Frå lesaren, Leseløft for nynorsk litteraturen. I tillegg har ein prosjekt under utvikling og andre program som blir vidareførte.</p> <p>Det er motteke stønad frå Norsk kulturråd, Nasjonalbiblioteket og Fritt ord</p>			
Vurdering	<p>Dette er eit stort og ambisiøst prosjekt som er avhengig av medfinansiering frå mange partar. Prosjektet er krevjande å få i gang med dette ambisjonsnivået. Samtidig kan det settast i gang og gjennomførast i mindre skala om det er situasjonen.</p> <p>Satsinga er i tråd med regional plan for kultur 2019 - 2027. Det er også eit prosjekt som har verdi og overføringsverdi for større delar av fylket. Det er nyskapande og stimulerer til samarbeid på tvers. Dei fyller ein regional funksjon, i tillegg skapar dei arbeidsplassar i det frie kunstfeltet og dei skapar moglegheit for kultur næringsane. Prosjektet har allereie kome godt i gong og femnar om eit stort publikum.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd vidare midlar til prosjektet. Utbetaling føreset at tiltaket vert gjennomført som skissert i søknaden. Det er likevel opning for at prosjektet kan skalerast ned etter reell finansiering. Tilskotet kan då bli redusert.</p>			
Budsjett:	2 000 000	Søknadssum:	250 000	Tilråding: 200 000

C) Utviklingsavtalar:

Sogn og Fjordane har 4 utviklingsavtalar, med Sogn og Fjordane idrettskrins, Gloppen musikkfest, Sogn og Fjordane ungdomslag og Forum for natur og friluftsliv. Fylkesdirektøren omtalar alle 4

avtalane for å gi eit oversyn over aktiviteten i partnerskapsarbeidet. Finansieringa av tiltaka i utviklingsavtalane vert gitt over ulike budsjett. Det vert vist kva tiltak som vert foreslått finansiert av midlar til HNK sin disposisjon.

Tiltak: 18/8884-5	Utviklingsavtale 2017 - 2019	Søklar:	Sogn og Fjordane idrettskrins		
Innhald:	<p>Vi er no i slutten av avtaleperioden mellom Sogn og Fjordane idrettskrins og Sogn og Fjordane fylkeskommune.</p> <p>Målet med avtalen er fysisk aktivitet for alle.</p> <p>Idrettskrinsen får driftsstønad og prosjektstønad til desse utviklingstiltaka:</p> <p>Utedagen (tidl. Ski i skulen) 100 000 kr Fylkeskommunen har hatt eigen utviklingsavtale med Skikrinsen om gjennomføringa av «Ski i skulen». Prosjektet omfattar 10-15 grunnskular og 700-750 elevar kvart år. Prosjektmidlane vert fasa ut i løpet av avtaleperioden og tiltaka må ev innarbeidast som ein del av drift. Midlane vart utbetalt i 2018 av folkehelsemidlar.</p> <p>Fotballkrinsen 240 000 kr til prosjekt: 1) Helse, tryggleik og antidoping 2) Kompetanseutvikling 3) Jente/damesatsing 4) Inkludering Prosjektmidlane vert fasa ut i løpet av avtaleperioden og tiltaka må ev innarbeidast som ein del av drift. Midlane er løyvd av fylkesdirektøren frå folkehelsemidlar 2019.</p> <p>Kr 200 000 til prosjekta: Regionalisering og kommune-/idrettsrådssamanslåing Samanslåing til Vestland idrettskrins, og kommunesamanslåingar gir samanslåing av idrettsråda. Det er viktig og ressurskrevjande å syte for god dialog og informasjon til idretten i fylket, og å hjelpe idrettsråda i dei aktuelle kommunane i samanslåingsprosessen. Sistnemnde er ein viktig del og eit framhald av satsinga «Ein god idrettskommune».</p> <p>Idrettens Møteplass; samhandling og utvikling på tvers Føremålet med Idrettens Møteplass er å skape ein arena der idrettslag, idrettsråd, særkrinsar og regionar, utøvarar og generelt idrettsinteresserte møtest på tvers for samhandling og utvikling. Idrettskrinsen legg til rette for at ein kan lære av kvarandre og vere «Gode i hop», dette er ei vidareføring av tildegare prosjekt i utviklingsavtala. Sistnemnde gjennom å legge til rette for kompetanseheving og informasjonsutveksling for tilsette og frivillige som jobbar med kulturelle ressursar og verdiskaping.</p> <p>Grenselaus idrettsdag Grenselaus idrettsdag har etablert seg som ein viktig møteplass for menneske med funksjonsnedsetting med stor deltaking frå heile fylket. Idrettsdagen gir moglegheit til å prøve ulike idrettar, skape eit større nettverk, og få informasjon om moglegheiter i idretten. Ein byrjar no å sjå ringverknader av arbeidet med paraidrett generelt, og denne dagen spesielt – gjennom nystarta tilbod i Dale og Hafslo.</p> <p>Prosjektmidlane vert fasa ut i løpet av avtaleperioden og tiltaka må ev innarbeidast som ein del av drift.</p>				
Vurdering:	<p>Dette er eit ledd i Idrettskrinsen si oppfølging av handlingsprogram i Regional plan kultur innan feltet fysisk aktivitet. Dette er eit godt eksempel på dei synergiane vi ønskjer å løyse ut gjennom utviklingsavtalar, der aktørane bidreg til å oppnå regionale mål.</p> <p>Midlane vert løyvd av ulike budsjett. Kr 100 000 vart løyvd av fylkesdirektøren frå midlar til folkehelse 2018. 240 000 er løyvd av fylkesdirektøren frå midlar til folkehelse 2019. Den resterande summen på 200 000 kr vert tilrådd løyvd frå teneste 4005.</p>				
Budsjett:		Søknadssum:	230 000	Tilråding:	200 000

Tiltak: 18/8535-6	Utviklingsavtale 2016 - 2018	Søkjnr:	Gloppen musikkfest		
Innhald:	<p>Gloppen Musikkfest er både ei årleg kulturhending og ein organisasjon som arbeider året igjennom. Det er inngått utviklingsavtale mellom fylkeskommunen og Gloppen musikkfest for 2016 – 2018. Etter avtale vert denne vidareført i 2019. Gloppen Musikkfest er den einaste klassiske musikkfestivalen i fylket. Den har utvikla seg frå ei lita hending til mange forgreiningar. Gloppen musikkfest mottek no fleirårig stønad frå kulturrådet. Det er difor naturleg å sjå på Gloppen musikkfest som ein regional aktør. Dei er også prioritert i Sogn og Fjordane fylkeskommune sin festivalstrategi med 3-årig avtale.</p> <p>Gloppen Musikkfest blir i år arrangert 2.-8. september. Kjerneaktiviteten er å skipe til ein årleg festival for klassisk kammermusikk, men Gloppen Musikkfest skal også stimulere musikk- og kulturlivet i fylket utanom festivalperioden. Under årets festivalveke er det planlagt konsertar i Fjaler, Jølster og Innvik, i tillegg til arrangement i Gloppen.</p> <p>Også i år skal dei ha ei eiga satsing på "Unge klassikarar" med konsertar og eige kammerseminar for desse. Det vert kammerkonsertar i Gloppen og i rundt om i fylket og eigne barnehage- og skulekonsertar, institusjonar og arbeidsplassar får også musikalske innslag.</p> <p>Gloppen musikkfest tek eit regionansvar for sjangeren klassisk musikk i Sogn og Fjordane og bidreg slik til mangfald i kulturtilbodet i fylket.</p>				
Vurdering:	<p>I avtaleperioden vil Sogn og Fjordane fylkeskommune støtte opp under arbeidet til Gloppen musikkfest. Dette vert gjort gjennom samarbeid i felles saker, nettverksarbeid i regionen og mot andre forvaltningsnivå, marknadsføring og omtale der dette er naturleg, ein økonomisk føreseieleg avtale i perioden og bruk av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin kompetanse i utviklingsarbeid. Det er avtalt å gi prosjektstønad for å følgje opp og å løfte fram unge klassiske musikarar frå fylket gjennom å skape ein arena der desse unge får kome "heim" og syne seg fram for eit breitt publikum. I tillegg får Gloppen musikkfest driftsstønad gjennom kulturmidlane på kr 150 000 i 2019.</p>				
Budsjett:	1 200 000	Søknadssum:	200 000	Tilråding:	150 000

Tiltak:	Utviklingsavtale 2016 - 2018	Søkjnr:	Sogn og Fjordane ungdomslag		
Innhald:	<p>Utviklingsavtalen med SOFUL har som føremål å sikre arbeidet vidare med Huset i bygda. Målet er å skape og utvikle gode opne møteplassar som er tilgjengeleg for alle i lokalsamfunna i fylket gjennom satsinga Huset i bygda (HiB). Huset i bygda skal hjelpe, støtte og inspirere alle formar for organisasjonseigde kulturbygg i Sogn og Fjordane. Slik skapar ein meir synlege, sterkare og relevante kulturbygg med allsidig og inkluderande aktivitet og tilstellingar. Det er inngått utviklingsavtale mellom fylkeskommunen og Sogn og Fjordane ungdomslag for 2016 – 2018. Etter avtale vert denne vidareført i 2019.</p> <p>Det er eit mål for samarbeidet at ein skal fokusere på at kulturbygga skal vere i bruk med aktivitet for ulike målgrupper og at det vert gjort gode behovsvurderingar i høve til aktivitet før ev. oppgraderingar og investeringar i bygga.</p> <p>I avtaleperioden skal ein prioritere å arbeide med:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Aktivitetskartlegging av organisasjonseigde kulturbygg. • Kartlegge aktivitet i husa. Vise fram gode døme på hus som er godt tatt vare på og har høg aktivitet. • Husbasen skal overførast til eit kartverktøy som er ope for alle. T.d. som eit temakart i fylkesatlas. • ungdomslagshusa og andre opne lagshus skal vere tilgjengelege for alle ved å vere universelt utforma. <p>Det er tilsett dagleg leiar i HiB i fast 20 % stilling. Det vart gjennomført drøftingsmøte mellom SOFUL/HiB og fylkeskommunen i januar 2019.</p>				
Vurdering:	<p>Det er viktig å ta vare på og styrke dei opne møteplassane i lokalsamfunna. Dette er eit godt samarbeidsprosjekt for fylkeskommunen, der ein også har med privat samarbeidspart gjennom Sparebankstiftinga. Fylkesdirektøren rår til å vidareføre utviklingsavtala ut 2019.</p>				
Budsjett:	300 000	Søknadssum:	175 000	Tilråding:	150 000

Tiltak: HNK 35/18	Utviklingsavtale 2018 - 2019	Søkjnr:	Forum for natur og friluftsliv (FNF)		
----------------------	-------------------------------------	---------	---	--	--

16/9603-8				
Innhald:	<p>HNK gjorde vedtak 30.05.18 i sak 35/18 om vidareføring av utviklingsavtale i 2018 - og 2019.</p> <p>Prosjekttilskot vart gitt på totalt 1 000 000 kr til desse prosjekta:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Drift – NJFF SF, tilskot 150 000 kr, løyvd frå Friluftsliv - teneste 7164 • Drift – NVF SF, tilskot 150 000 kr, løyvd frå Klimabudsjettet – teneste 7154 • Drift – SFT, tilskot 250 000 kr, løyvd frå Friluftsliv - teneste 7164 • Drift – FNF, tilskot 200 000 kr, løyvd frå Friluftsliv - teneste 7164 • Prosjekttilskot SFT, ung meistring i vill Vestlandsnatur, løyvd 200 000 kr, løyvd frå HNK til disposisjon - teneste 4005 • Prosjekttilskot FNF, startpunkt i sentrum, løyvd 50 000 kr, løyvd frå Folkehelse - teneste 4802 <p>Driftstilskota er vidareført i 2019 gjennom administrative vedtak.</p> <p>Framhald prosjekt "Ung meistring i vill vestlandsnatur»</p> <p>Sogn og Fjordane Turlag har ein person tilsett i 50% stilling som prosjektleiar Ung. Dei har midlar til denne stillinga fram til 15.10.2019. Ynskje er å forlengje dette prosjektet og dei søker nå finansiering av stillinga ut året 2019. Målet er å søkje nye midlar i Vestland fylke for 2020. Stillinga har skapt mykje god aktivitet og synlegheit for born og unge i tråd med utviklingsavtalen.</p> <p>Det er ikkje søkt om vidare midlar til prosjektet Startpunkt i sentrum.</p>			
Vurdering:	<p>«Ung meistring i vill vestlandsnatur» - etter drøftingar med SFT er dette vurdert som eit vellukka prosjekt som skapar aktivitet for den yngre aldersgruppa. SFT søker her om ein avgrensa sum for å vidareføre tiltaket ut året basert på at dei har hatt vakanse i stillinga og brukt mindre lønnsmidlar enn føreset. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig å vidareføre stillinga så lenge som mogleg og foreslår å løyve 200 000 kr i 2019 i tråd med utviklingsavtalen og vedtaket i HNK-sak 16/18. Vilkåret er at midlane vert nytta til lønnsmidlar til ei stilling som prosjektleiar for prosjektet. Dette sikrar også stabilitet for prosjektet inn i Vestland, da det enda ikkje er avklara korleis Vestland skal handtere prosjekttilskot.</p>			
Budsjett:	400 000	Søknadssum:		Tilråding: 200 000

4. Vurderingar og konsekvensar

Prioriteringane som vart vedteke i HNK-sak 22/19 er lagt til grunn i vurderingane av den enkelte søknad. Nivået på det enkelte tilskotet ligg i hovudsak på same nivå som tidlegare. Midlane er foreslått fordelt til satsingar som korresponderer med regional plan for kultur 2019 – 2027. Prosjekt som har overføringsverdi for større delar av fylket, og som er nyskapande vert prioritert. Tiltak i regi av frivillige organisasjonar vert prioritert samt søknader som er i tråd med prioriteringane i planen.

Fylkesdirektøren legg også vekt på å stimulere den kunstfaglege utviklinga i fylket gjennom å støtte prosessane som på sikt leiar fram mot eit resultat, da dette er vanskeleg å få stønad til frå andre finansieringskjelder.

5. Konklusjon

Fylkesdirektøren viser til drøftingane over, og rår til løyvingar som vist i framlegg til vedtak. Det er da ein restsum til seinare disponering på 0,150 mill. kr.